



Notat

Dato: 12.04.2019
Arkivsak: 2019/10623-1
Saksbehandlar: evavinj

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannenl

Rassikringsplan og samling om fylkesvegreform 2020 - Svar på verbalforslag budsjett 2019

I møteprotokollen frå fylkestinget 11.12.2018 er det under PS 106/18 Årsbudsjett 2019/økonomiplan 2019-2022 lagt fram følgjande verbalforslag

Roald Kvamme (A) sette på vegne av A, Krf, Sp og SV fram verbalforslag:

Nasjonal plan for satsing på fylkesvegane

Hordaland vil arbeide for at det vert utarbeidd ein heilskapleg, nasjonal plan, for opprusting og skredsikring av fylkesvegar med høg og middels skredfaktor. Planen må leggjast fram ved første rullering av NTP, med ei tidsramme for gjennomføring på 12 år. Hordaland Fylkeskommune skal ta initiativ til ei nasjonal samling for fylkeskommunar og interesseorganisasjonar der tema skal vera status og utfordringar for fylkesvegnettet etter reforma i 2010. Manglande ressursar til vedlikehald og fornying av fylkesvegnettet er ei nasjonal utfordring som må løysast gjennom ein nasjonal handlingsplan som vert finansiert med ekstraordinære midlar.

Fylkesrådmannen si innstilling vart lagt til grunn for røystinga. Det var 56 representantar tilstades. Kvamme sitt forslag fekk 31 (A, Sp, Krf, SV) røyster og vart vedteke.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Verbalforslaget er todelt:

1. Hordaland vil arbeide for at det vert utarbeidd ein heilskapleg, nasjonal plan, for opprusting og skredsikring av fylkesvegar med høg og middels skredfaktor. Planen må leggjast fram ved første rullering av NTP, med ei tidsramme for gjennomføring på 12 år.
2. Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til ei nasjonal samling for fylkeskommunar og interesseorganisasjonar der tema skal vera status og utfordringar for fylkesvegnettet etter reforma i 2010.

Arbeid med å få på plass ein heilskapleg, nasjonal plan for opprusting og skredsikring av fylkesvegar med høg og middels skredfaktor

Hordaland fylkeskommune jobbar med dette gjennom ulike kanalar, både politisk og administrativt.

1. Medlemskap i Nasjonal rassikringsgruppe

Nasjonal rassikringsgruppe er ei politisk gruppe som blei oppretta i 2001. Grappa består av politikarar frå dei ni mest rasutsette fylka i landet.

Målet til grappa er å få utarbeidd og vedteke ein nasjonal skredsikringsplan for sikring av alle skredpunkt med skredfaktor høg eller middels, i løpet av neste 12-årige NTP-periode. Arbeidet skjer mellom anna gjennom høyringsuttaler, dialogmøter med statsråd og departement og skriftlege uttaler.

Gjennom Hordaland sitt medlemskap i denne grappa blir det jobba aktivt med problemstillinga. Nasjonal rassikringsgruppe arrangerer konferanse kvart anna år, og i 2019 stod Hordaland fylkeskommune som medarrangør for konferansen. Tema for konferansen var kravet om at ein i neste Nasjonal transportplan får ein heilskapleg, nasjonal skredsikringsplan for riks- og fylkesvegvar.

Bente Bondhus, Sp, representerer Hordaland i grappa.

2. Innspel til Nasjonal transportplan

Samferdselsdepartementet har i 2019 invitert fylkeskommunane, de største bykommunane og Sametinget til å kome med eigne innspel til NTP-arbeidet. I den tidlege fasen av arbeidet ønsker departementet innspel om kva som er dei største utfordringane på transportområdet i de ulike regionene.

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune har gått saman om å sende ei felles tilbakemelding til departementet om dei største utfordringane i Vestland fylke. Her er ras spela inn som ei av utfordringane. Utfordringsnotatet har vore oppe som politisk sak i Utval for miljø og samferdsel, PS 38/2019, i Hordaland 10.04.2019, og i Sogn og Fjordane sitt hovudutval for samferdsle 20.4.2019. Sjå vedlegg for saksprotokoll.

I vedtaket frå MISA i Hordaland, som vart fremja av Roald Kvamme på vegne av A, SV, Krf og Sp står det mellom anna:

«Vestland fylke er eit stort skredfylke. Som følgje av klimaendringane ser vi hyppigare tilfelle med skred og flaum. Det er derfor viktig med ei auka satsing på skredsikring av både riks- og fylkesvegnettet. Alle riks- og fylkesvegvar og jernbanestrekningar i skredfarekategori høg og middels må sikrast mot skred. Det må bli utarbeida ein nasjonal plan for gjennomføring av skredsikring slik det er foreslått av «nasjonal rassikringsgruppe», og at dette vert innarbeida i Nasjonal transportplan.

Frå 2020 blir Vestland fylke eit stort fylke med lange avstandar og ein krevjande topografi. Regionale statsetatar, høgskule, fylkeskommune, Helse Vest mfl. har behov for god og sikker intern kommunikasjon mellom dei ulike delane av fylket og ikkje minst mot Bergensområdet. Det er framleis lange strek på Riksvegnettet som har høg trafikk, låg standard utan gul stripe og som er svært utsett for ras. Dette gjeld særleg transportkorridorane aust/vest og nord/sør der fleire av fjellovergangane også har for dårleg regularitet om vinteren og store utfordringar knytt til tunnelsikring.»

Eit felles innspelsdokument vil bli sendt til samferdselsdepartementet når det er ferdig behandla politisk. Dersom vedtaka i dei to fylka blir ulike, vil det vurderast om innspelsnotatet skal forankrast i fellesnemnda.

3. Innspel til Regional planstrategi for Vestland fylke

Arbeidet med ein Regional planstrategi for Vestland fylke er godt i gang. Planseksjonen i Hordaland fylkeskommune er koordinator for arbeidet frå Hordaland si side, men alle avdelingane er invitert inn i ein prosess, der ein skal skildre utfordringsbiletet og kome med innspel til framtidige planbehov i det nye fylket.

Samferdselsavdelinga i Hordaland spelte inn behov om ein regional handlingsplan for skredsikring i det nye fylket.

Samling for fylka og interesseorganisasjonar om status og utfordringar for fylkesvegnettet av reformen i 2010

Hordaland fylkeskommune planlegg å invitere til ein konferanse om temaet tidleg i 2020. Ei slik samling vil vere tema i møte med samferdselssjefskollegiet. Hordaland også fått innspel frå KS om samlinga, og tar sikte på at dette skal vere ein nasjonal konferanse.

Samlinga er framleis i tidleg planleggingsfase, og fylkesutvalet vil bli orientert når meir konkret planlegging er i gang.